



Vår dato:

28.06.2023

Vår ref:

2023/7588

Deres dato:

22.06.2023

Deres ref:

2022/10046

KARMØY KOMMUNE  
Postboks 167  
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandler  
Anne Stensland, 51568901

## **Uttale til byggesøknader dispensasjon rehabilitering private avløpsanlegg - prosjekt Frisk Langåkerå - Karmøy**

Vi visar til oversending frå Karmøy kommune datert 22.06.2023.

### **Bakgrunn for saka**

Det er eit pågåande prosjekt i Karmøy kommune som går ut på å betre vasstilhøva i Langåkeråna. Tilsyn avlaup, naturforvaltarar, landbruksavdelinga og vassområdekoordinator har gått saman om å føre tilsyn og gjere tiltak i og rundt åna. Det er mykje e-coli i åna på grunn av utslepp frå private avlaupsanlegg og landbruksverksemد.

Det er om lag 130 private avløpsanlegg i nedslagsfeltet for åna. Dei fleste av desse er svært gamle og nokre eigedomar har direkte utslepp til åna. For å nå reinsekrava i forureiningsforskrifta må disse skiftast ut med minireinseanlegg. Målet er å få alle skifta ut i løpet av dei neste åra. Det er ikkje kommunalt vatn og avlaup i området, og det er heller ingen planar om å etablera det.

Karmøy kommune har i den anledning sendt spørsmål til Statsforvaltaren om byggesøknadene bør sendast på uttale, eller om dei vurderast til å ikkje berøre Statsforvaltarens saksområde.

### **Vår vurdering**


Fordi me ikkje veit akkurat kor reinseanlegga ligg så vil me gjennom vår uttale gje generelle faglege råd til utførselen av tiltaka for å hindra skjemming av naturverdiar, og større utslepp til åna. Det er likevel eit særskilt område rundt Taravika kor ein vurdering av dispensasjon frå § 1-8 vil krevja eit større detaljnivå enn me har på nåverande tidspunkt.

### **Taravika**

Langåkeråna møta havet i Taravika, eit særskilt viktig naturområde. I Taravika finn ein naturtype *tangvoll*, registrert som svært viktig. Tangvollvegetasjonen er spesielt godt utvikla i Travika, med uvanleg store og mektige vollar og eit særprega artsmangfald. Naturtypen legg også grunnlaget for eit heilt unikt fugleliv. Taravika er ein av dei aller viktigaste trekklodalitetane langs Norskekysten. Som internasjonalt anerkjend trekklodalitet fungera vika som rastepllass og matfat for ein lang rekke sjeldne og trua fuglearter. I tillegg til at Taravika innehavar denne sentrale funksjonen for trekkfugler,



er vika også eit viktig hekke- og matsøkingsområde. Ein betring i tilstanden til Langåkeråna vil naturleg gje ein positiv ringverknad for Taravika som utsleppspunkt for elva.



Figur 1. Den kartlagde naturtype tangvoll i Taravika

I tillegg til områdets store verdi som naturtype og habitat, inngår også området i det varsle landskapsvernombordet på vestkysten av Karmøy. Tiltak må difor også ta omsyn til landskapet, i tillegg til hekkande fugl, trekkfugl, og tangvolla som naturtype.

Fordi område har slike store verdiar, samt at det er varsle oppstart på supplerande vern, vil vi at tiltak innanfor 100-meters belte til sjø i dette området sendes til oss på uttale spesifikt. Korleis, kva tid, og kvar tiltaka iverksettast i nærleik til Taravika kan ha stor innverknad på dei naturgitte forholda, og vi vil vurdera desse tiltaka individuelt når meir informasjon føreligg.

#### Åkerlandskap og omsyn til matjord

Åkerlandskapa langs elveløpet er også viktige med tanke på fugl. Ein rekke trua fuglearter nyttar slike landskap til blant anna hekking, så også her må ein unngå inngrep i hekketida. I desse område er det sannsynleg at noko matjord vil ble påverka som ein følgje av tiltaka. Det er viktig at ein stillar vilkår om at den verdifulle matjorda blir nyitta til videre matproduksjon. Uttak av matjord bør avgrensast.

#### Framande arter

Innføring og spreiling av framande organismar er ein trussel mot norsk natur. Forskrift om framande organismar har til føremål å forebygge at slike organismar får uheldige følgjar for norsk naturmangfold. Forskrifta utdjup den generelle aktsemplikta i naturmangfaldlova § 6. For verksemder eller tiltak som kan medføre utilsikta spreiling eller utslepp av framande organismar, stiller aktsemplikta om at den ansvarlege i rimeleg utstrekning treff tiltak for å hindre slik spreiling. Kommunen må stilla vilkår som sikrar at man ikkje spreiar framande organismar under tiltaket, og at dei område det skal gravast i er tilstrekkeleg granska før arbeid utførast slik at det er i tråd aktsemplikta.

#### Sensitive arter

Sør for Dyrlandsveien kan ikkje tiltak tilletes i perioden 1.februar-31. juli. For meir detaljert tilbakemelding om dette kan kommunen ta kontakt med saksbehandlar for vilt, på naturseksjonen hos Statsforvaltaren.



Tiltak i vassdrag, og vassressurslova § 11.

Tiltak i, og ved vassdrag ligg under ei rekke lovverk. Langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gjer levestad for planter og dyr jf. vassressurslova § 11. Dersom ein i forbindelse med tiltaka må fjerna kantvegetasjon, må dette avklarast med Statsforvaltaren om det krev dispensasjon frå vassressurslova. Tiltak i vassdrag krev også eige løyve jf. forskrift om fysiske tiltak i vassdrag § 1, Statsforvaltaren er myndigheit for tiltak i anadrome (lakseførande) vassdrag eller deler av vassdrag.

**Oppsummering**

Den planlagde oppgraderinga av avlaupsanlegga er eit svært positivt tiltak for å betre tilstanden i Langåkeråna. Gjennom vår uttale påpeikar vi at dispensasjon kan gis på visse vilkår til områda innanfor LNF føremålet. Område rundt Taravika har ein særskilt verdi både på grunn av det rike naturmangfaldet, men også fordi området inngår i det varsle landskapsvernområde. Dispensasjoner frå pbl § 1-8 i dette område må vurderast individuelt, og vi skal ha anledning til å gi uttale til kvar enkelt sak

Med hilsen

Tina Eltervåg (e.f.)  
rådgiver

Anne Stensland  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*